

Bruk av eksisterande leidning

Eit alternativ til å separere leidningen er å kople frå overvatnet (drensvatn og takvatn) og infiltrere det på eigen eigedom eller føre det ut i terrenget. Det er viktig at dette blir gjort på ein måte som ikkje vil føre til fukt i kjellaren eller ulemper for naboar.

Dersom den eksisterande stikkleidningen er i god nok stand, kan han nyttast som overvassleidning.

Det er i nokre tilfelle framleis mogleg å nytte den eksisterande stikkleidningen til spillvatn. Det må då dokumenterast av eit godkjent føretak at leidningen er i samsvar med forskriftene. Dette kan ein gjere ved å inspisere røyra med videokamera.

Nokre stader er det ikkje nødvendig å vere kople til overvassleidning. Dersom den gamle avløpsleidningen ikkje er god nok etter krava i dag, kan det vere aktuelt å rehabilitere leidningen ved å trekkje inn ein ny, mindre leidning eller ei plaststrømpe på innsida av den eksisterande leidningen.

Søknadsplikt

Arbeida med å separere avløpsleidningen er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 første leddet bokstav a, med mindre kommunen gjer særskilt unntak. Du må få det godkjende føretaket til å skrive søknaden og gjere arbeidet. Søknaden skal godkjennast av kommunen før arbeidet blir sett i gang. På nettsidene til kommunen vil du finne meir informasjon om søknadsplikta. Du kan òg ta kontakt med bygningsstyresmakta i kommunen.

Kostnader

Som huseigar er det ditt ansvar å koste separering av leidningane dine når kommunen legg om sine.


Dersom fleire eigedommar har sams stikkleidning som er knytt til hovudleidningen til kommunen, er det ofte gjort avtalar om vedlikehald. Dersom avtalen er tinglyst, kan du finne han hos Kartverket. Normalt vil abonnementsvilkåra til kommunen krevje at eigarane er solidarisk ansvarlege for å halde stikkleidningen ved like.

Saksbehandlingsgebyr

Du må betale eit gebyr på kr xxx,- til kommunen for å få behandla søknaden om løyve til å gjere arbeidet med å separere avløpsleidningane jf. vedlagde lokale forskrift § x.

LOGO

Plikt til å separere avløpsleidningar




Illustrasjon: Geir Moen

LOGO

Adresse – Telefon

Kva vil det seie å separere leidningar for avløp?

Kommunen jobbar heile tida med å separere avløpsleidningane, for at det ikkje lenger skal vere ein sams leidning med både overvatn (regn- og smeltevatn frå drenering og taknedløp) og spillvatn (kloakk), men i staden skilde leidningar for overvatn og spillvatn.



Illustrasjon: Geir Moen

Når kommunen legg om leidningane sine til eit separatsystem, må eigedommar i same området òg leggje om til separerte leidningar.

Kommunen har slik rett til å krevje at ein eigar separerer avløpsleidningen sin, etter forureiningslova § 22 andre leddet.

Kvifor bør husstandane ha to avløpsleidningar?

Med sams leidning for overvatn og spillvatn må alt vatnet pumpast til næraste reinseanlegg. Når leidningane er separerte, kan regn- og smeltevatnet i overvassleidningane sleppast direkte ut i næraste bekk, elv eller innsjø, medan spillvatnet blir pumpa til reinseanlegget.

Når det er stor nedbør eller kraftig snøsmelting, er ikkje dei kommunale leidningane store nok til å frakte overvatnet saman med spillvatnet til reinseanlegget. I slike situasjonar blir gjerne delar av vatnet førte ut i overløp til næraste bekk, elv eller innsjø. Når avløpet ikkje er separert, vil det føre til at spillvatnet òg hamnar der. Det er derfor eit godt miljøtiltak å separere avløpsleidningane.

Det er kostbart å pumpe og reinse avløpsvatnet. Det er derfor god økonomi i å føre minst mogleg reint vatn til reinseanlegget.

Arbeidet med å separere leidningane

Vi rår deg til å gjere arbeidet samstundes med kommunen for å halde kostnadene nede. Du kan avtale med entreprenøren som separerer den kommunale hovudleidningen, at han skal gjere arbeidet på leidningen din på same tida. Det er lurt å kontakte fleire godkjende føretak, t.d. entreprenørar eller røyrleggjarar, for å hente inn tilbod på arbeidet. Føretaka kan svare på om dei er godkjende for denne typen oppdrag.

Dersom du har ein gammal vassleidning i same grøfta, kan det vere greitt å skifte han samstundes. Er vassleidningen av galvanisert stål, rår vi deg til å vurdere å skifte han ut. Av erfaring veit vi at slike vassleidningar kan ha kort levetid, og bør skiftast ut før dei rustar sundt.

Ein eventuell slamskiljar (septiktank) skal koplast ut.

Dersom leidningane kjem inn på naboeigedommar eller bygningar, må du få løyve frå eigaren før arbeidet blir sett i gang. Ein rett til å ha leidningar liggjande på naboen sin grunn skal tinglysast hos Kartverket.